

Harald Sætre og Rustne Menn med innslag på dampbåttur.

06.06.2018



DS STORD, bygd 1913, fotografert i Storsund 2009.

I dag klokka 09 er 80 gjester klar for ombordstiging DS STORD på Sunde ferjekai. Kvinnherad senioruniversitet er arrangør for tur med dampskipet til Fjelberg, gjennom Fjelbergsund og rundt Halsnøy. Med i turfylgje er Harald Sætre og musikkgruppa Rustne Menn fra Uskedalen. Sætre skal ha innlegg om fjordfarten og ferjerutene i Sunnhordland. Rustne Menn vil leia og stå for allsong med tonefylgje.



Rustne Menn vil leia allsongen ombord på DS STORD.

DS STORD er bygd i 1913 på Laksevaags Jernskibsbyggeri som eit langruteskip. Tanken var at slike skip korresponderte på sentrale stoppestader med mindre skip i lokalrutefarten. Med dette rutemønsteret fanga HSD opp alle bygder og grender i eit nettverk som endar opp i Bergen i nord og Stavanger i sør.

STORD vart lengd i 1931 med 5,5 meter og på nytt ombygd i 1947 ved overgang til dieseldrift. I 1969 var tida ute for MS STORD. Skipet fekk namnet O.T. MOE og fungerte som losjiskip for Blå Kors i Oslo. Etter endt teneste i Oslo var tida inne for å få fartyet heim i 1981.

STORD 1 vart restaurert attende til dampskip. Kort tid etter prøveturen vart båten sterkt kada i brann. Veteranskipslaget gav ikkje opp. Dei sette i gang med ny restaurering og til Fordsteam i 2005 kom skipet inn på hamna i Bergen for eigen maskin.

I dag vil dei reisande få sjå DS STORD som eit veteranskip i særklasse og restaurert etter Riksantikvaren sine krav og prinsipp.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/Morten Nygård/ Kristian Bringedal



Harald Sætre har stor kunnskap om HSD flåten og ferje-og fjordafarten. Sætre er miljøbevisst og kører El-bil.